

Grytastranda Montessoribarnehage søker dyktige, engasjerte og friluftsglade pedagogiske leiarar:

Likar du utfordringar? Kan du tenke deg å vere med på å starte noko nytt og spanande? Då har du ein unik sjanse no! Grytastranda Montessoribarnehage skal opne august 2019. Barnehagen er tilknytt Grytastranda Montessoriskule, og saman vil dei utgjere eit Oppveksttun. Dette blir den første Montessoribarnehagen i Nye Ålesund, og som pedagogisk leiar får du vere med på å forme ein heilt ny barnehage som skal drivast i tråd med Maria Montessori sine pedagogiske prinsipp med tilpassa miljø, friheit til å velge etter interesse og stort fokus på læreglede. Barnehagen baserer seg på å vere mykje ute.

Som pedagogisk leiar ved Grytastranda Montessoribarnehage vil du vere ein svært viktig person for miljøet, for dine medarbeidarar og for barna. Du vil få oppleve den store dugnadsanda som eksisterer på Grytastranda. Du vil få eit nært fagleg samarbeid med Montessoriskulen, og eit nært samarbeid med Styret for Montessoribarnehagen.

Arbeidsoppgåver:

- Tilegne deg kunnskap om Maria Montessori sin pedagogiske metode. Herunder det forberedte miljø, presentasjonar av materiell og vektlegging av harmoni og høvelegheit. Arbeid med planlegging, gjennomføring, dokumentasjon og evaluering av pedagogisk innhald.
- Ta aktivt del i kvardagsaktivitetane på avdelinga.
- Sørge for at kvart enkelt barn får god omsorg og får utvikle seg ut i frå sine eigne føresetnadar, behov og interesser
- Unik moglegheit til å vere med å utvikle barnehagen i henhold til montessoripedagogikken
- Sikre ein god og trygg barnehage og eit nært og godt samarbeid med foreldre og andre samarbeidspartnarar.
- Rettleiingsarbeid for personalet på avdelinga, og sørge for eit godt arbeidsmiljø i personalgruppa

Kvalifikasjonar:

- Utdanning som barnehagelærer eller anna høgskuleutdanning som gir barnefagleg og pedagogisk kompetanse
- Kunnskap/erfaring/tilleggsutdanning innanfor Montessoripedagogikk, eller interesse for dette. Villig til å utdanne deg/ta kurs
- Beherske relevant dataverkty
- Levere politiattest før tiltredelse
- Personlege eigenskapar vil bli vektlagt
- Gode norskkunnskapar munnleg og skriftleg, minimum tilsvarande barnehagelova § 18

Personlege eigenskapar:

- Gode leiareigenskapar
- Nysgjerrigheit, engasjement og evne til å inspirere
- Du har godt humør og arbeidsglede

- Leiken og kreativ
- Er opptatt av barnet i fokus
- Bidra som motivator for utvikling av barnehagen
- Liker godt å vere ute og vere på tur med barn
- Du har høg arbeidskapasitet og positiv haldning
- Fagleg bevisstheit, strukturert, løysingsfokusert, fleksibel, trivast i eit hektisk miljø og liker å yte det lille ekstra.
- Gode kommunikasjons- og samarbeidsevner

Vi kan bl.a. tilby:

- Store fine lokaler og uteområde som er tilpassa i forhold til montessoripedagogikken
- Nært fagleg samarbeid med skulen og felles pauserom
- Samarbeid med andre Montessoribarnehagar
- Lønn etter avtale
- Engasjert barnehagestyre, foreldre og bygdefolk

Praktiske opplysningar:

Ansettelsesform: Fast

Omfang: 100%

Søknadsfrist: 5. april 2019

Oppstart: Etter avtale, august 2019

Arbeidsstad: Grytastranda oppveksttun

Søknad, cv og referansar sendast til:

Kontaktperson: Ragnhild Skogrand

Tittel: Rektor

Adresse: Grytastranda montessoriskule, Grytastrandvegen 606, 6265 Vatne

Telefon: 70212848

E-post: ragnhild@gsmontessori.no

Om bedrifta

Heimeside: www.grytastrandamontessori.no